

Moderniseringsdepartementet
Postboks 8004 Dep.
0030 Oslo

Oslo, 17. mars 2005

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ LESER SØKER BOK: OM UNNATAK FRÅ KONKURRANSELOVA FOR OMSETTING AV BØKER

Leser søker bok syner til høyringsbrev frå Moderniseringsdepartementet. Framlegget frå departementet vil gjere det vanskeleg å nå det litteraturpolitiske målet om at alle skal ha tilgang til bøker.

Store delar av folket (30%, jf. t.d. SIALS-undersøkinga) har vanskar med å lese vanleg tekst. Dei har bruk for **ulike** formar for tilrettelegging for å kunne lese. Dei treng t.d. bøker med enkel tekst (folk med dysleksi, eit anna morsmål, AD-HD, dårleg leseopplæring med meir), punktskrift (synshemma), enkelt innhald (utviklingshemma) osv.

Alle desse menneska skal kunne finne litteratur som er gjort tilgjengeleg for at dei skal kunne lese. Dette blir m.a. slått fast i Kulturmeldinga og i stortingsmeldinga og tiltaksplanen mot funksjonshemmande barrierar. Det har også blitt slått fast i fleire vedtak i kulturkomiteen og utdanningskomiteen på Stortinget i 2003 og 2004.

Bok til alle har dei siste åra blitt eit litteraturpolitisk mål for Stortinget og Regjeringa. Det er satsa millionar av kroner for at **Leser søker bok** skal realisere dette målet. Framlegget frå Moderniseringsdepartementet riv sannsynlegvis ned store delar av fundamentet for at vi skal kunne lukkast.

VIL BØKENE SOM TRENGST KOMME UT?

I den moderne kulturnasjonen og det vesle språksamfunnet og bokmarknaden Noreg, har vi sett det som viktig å få ut best moglege bøker innanfor ein mangfald av sjangar og boktypar. Alle skal kunne finne bøker som passar. Dette sjølv om dei ikkje høyrer til ei brei kjøpargruppe. Derfor har vi hatt ein offentleg litteraturpolitikk.

Fast bokpris stimulerer til mangfald av utgivingar. Fastprisen er garantien for vi kan gje ut bøker som er mindre salbare. Mangfaldet vil bli svekt med dei forskriftene Moderniseringsdepartementet no legg fram. Med endringane vil den eine boka bli langt meir verdt enn ei anna – **kun** målt etter kor stort salspotensialet er. Forlaga vil gje ut bøker som er mindre ulike. Då vil det bli liten eller ingen plass til dei bøkene som er tilrettelagde for små målgrupper – som til dømes ulike typar svake lesarar.

Vi vil minne departementet om at bokmarknaden ikkje er som andre marknader for forbruksvarer. **I litteraturen bør ikkje kvar produsent og kvart produkt vere i konkurranse med kvarandre om å levere best mogleg bok til billegast mogleg penge.**

I ein rein konkurransemarknad får ein eit tilbod av dei breiast treffande og billegaste varene - og evt. nokre dyre og eksklusive. Det kan vere lurt når det gjeld ost, kjøt og klede, men ikkje bøker. Vi **treng mange ulike** bøker til stadig å gje nye leseopplevingar og ny kunnskap til ulike lesarar – til om lag same pris. Vi treng å ha med oss dei smale bøkene som er relativt dyre å lage! Som til dømes bøker som er tilrettelagde for lesesvake.

Leser søker bok – finansiert av KKD - støttar forlaga økonomisk for at dei skal gje ut tilrettelagde bøker. Når prisen på bøker blir pressa ned som fylgje av rabatten på 12,5%, samt tidlegare fripris, vil vi truleg måtte kompensere for å få forlaga til å ta sjansen på å gje ut bøkene. Eit overslag ut frå budsjetta for bøkene vi støtta i 2004, syner at **Leser søker bok** vil måtte overføre om lag **ein million** kroner ekstra til forlaga for å få ut **15** tilrettelagde bøker årleg.

- Med fripris vil det kome ut enda færre tilrettelagde bøker

VIL BØKENE BLI MEIR TILGJENGELEGE?

Lengda på fastprisperioden aukar sjansane for at det skal løne seg å gje ut bøker som sel jamt og trutt over mange år. Så lenge det er fastpris har forlaga plikt til å selje og marknadsføre boka. Så fort fastprisen ikkje gjeld, kan dei kvitte seg med resten av opplaget. Utgivingar som treng tid for å etablere seg i marknaden, vil såleis komme under press. Det gjeld mellom anna tilrettelagde bøker. Desse bøkene **treng** imidlertid lang omløpstid. Dels fordi utvalet er særst lite, dels fordi dei ikkje sel via butikk-kampanjar, presseomtale og bokklubb. Dei sel ved gjetord og langsame informasjonskanalar.

- Med kortare fastprisperiode vil tilrettelagde utgivingar forsvinne ut av sal etter kort tid. Det vil gjere utvalet mindre enn i dag.

VIL BØKENE BLI BILLEGARE – FOR KVEN?

Med fripris og rabattar blir det prisskilnad mellom bestseljande bøker og andre bøker. Ei innføring av meir og tidlegare fripris vil ramme alle dei smale og langsamt seljande utgivingane. Tilrettelagd litteratur er eit tydeleg døme: Det er **illusorisk** å forvente at marknaden vil tilby lesarane å velje mellom til dømes så mykje som **tjue** konkurrerende bøker med enkel tekst per år, og at lesarane mellom desse tjue vil kunne velje ei billegare bok. For tilrettelagde bøker blir det ingen konkurranse med tilbod om rabatterte bøker. Dei som treng tilrettelagde bøker vil måtte betale dyrt – dyrare enn dei som klarer å lese andre bøker.

Sjølv om **Leser søker bok** ikkje arbeider med skulebøker, vil vi nemne at her vil effekten av full fripris bli tydeleg og simpel: Læremidla tilrettelagd for dei svake lesarane vil så langt vi kan forstå bli langt dyrare enn for andre. Eller har departementet her ein plan for korleis ein vil sikre seg mot dette?

- Med meir fripris blir tilrettelagde bøker dyrare enn andre

BLIR BØKENE GODE?

Normalavtalene med fast royalty har gitt stabile og kjende vilkår for forfatarane, og har hindra forlaga i å utøve kjøparmakt. No vil Moderniseringsdepartementet at royaltysatsane ikkje skal vere faste. Marknaden skal fastsetje prisen på kvart manuskript.

Det blir klare skilnader mellom forfattarane, alt etter kva type bøker dei vil skrive eller er gode til å skrive. Forfattarar som skriv bestseljarar vil få meir per bok enn dei som skriv bøker som sel mindre. Dei som skriv tilrettelagd litteratur vil ikkje få tilbod om høg royalty. Fordi produkta ikkje kan ventast å selje mykje, vil forlaget spare utgiftene.

Dette vil gjere det ekstremt mykje vanskelegare å få forfattarar til å skrive tilrettelagde bøker. Alle forfattarar vil vegre seg mot å nytte tid på å utvikle manus som dei veit at dei får lite betalt for. Og **heilt sikkert** er det at dei beste av forfattarane ikkje vil ta seg råd til å skrive dei. Konsekvens:

- Dei tilrettelagde bøkene vil bli dårlegare

Leser søker bok – finansiert av KKD - støttar i dag forfattarane økonomisk for meirarbeidet med å utvikle tilrettelagde bøker. Det tar meir **tid** å skrive slike enn å skrive andre bøker, og salsinntektene er allereie i dag forventa låge. I dag får forfattarar maks 158 000 for eit års arbeid frå oss (reduisert tilsvarande for kortare arbeidsperiode). Tala må bli langt høgare per forfattar dersom desse under utviklingsarbeidet ikkje veit kva for salsinntekt dei vil få tilbod om den dagen manuset blir antatt – og når dei veit at tilbodet blir lågt. Om normalkontrakten ikkje lenger skal gjelde, må **Leser søker bok** kompensere tapet i inntekt for å få forfattarar til å skrive tilrettelagde bøker. Dette føresett mykje større løyvingar frå KKD til **Leser søker bok**.

KONKLUSJON

Med støtta til **Leser søker bok** tok regjeringa eit ansvar for å sikre bøker til alle. Endringane Moderniseringsdepartementet foreslår vil leie til at fundamentet for **Bok til alle** forvitrar.

I Kulturmeldinga (2003) står det at "det må finnast fram til ein modell som på ein god måte tek høgde for konkurransepolitiske, litteraturpolitiske og relevante allmenne kulturpolitiske omsyn." Moderniseringsdepartementet har ikkje greia ut eller tatt omsyn til mange viktige konsekvensar av framlegget sitt. Det gjeld mellom anna konsekvensane for tilgangen til litteratur for menneske som har vanskar med å lese vanleg tekst.

Endringane Moderniseringsdepartementet legg opp til, vil leie til:

- at det blir færre tilrettelagde bøker å velje mellom for dei som treng det
- at dei tilrettelagde utgjevingane blir tilgjengelege i kortare tid
- at tilrettelagde bøker vil bli dyrare enn andre bøker
- at tilrettelagde bøker vil bli dårlegare

På dette grunnlaget vil **Leser søker bok** på det kraftigaste oppmode Moderniseringsdepartementet om gje dei unnataka som trengs for at bokbransjen skal kunne fungere slik han gjer i dag.

Helsing frå

Anne Marit Godal
dagleg leiar i Leser søker bok